

Kommunedelplan Helse - Sosial - Omsorg



Skal me bevare må me endra

2023- 2033

03.04.2023

Kommunedirektøren

Skal me bevara må me endra

2033 byrjar no

Om Bømlo kommune skal kunna tilby nok tenester av god kvalitet i framtida må me tenkja nytt om tenesteyting, kommunen si rolle og samspelet med samfunnet.

Dette er ei revidert utgåve av kommunedelplan for helse- sosial- omsorg i Bømlo 2017-27. Dokumentet beskriv utfordringar, mål og strategiar for utvikling av tenestene fram mot 2033.

Det er i tillegg laga ein handlingsplan med konkrete tiltak som skal føra oss i den retning me ynskjer å gå. Handlingsplanen skal rullerast årleg.

Det er gjort mange endringar i rett retning i førre planperiode, men det er behov for å auka endringstakt og i større grad gjera prioriteringar.

Skal me kunna tilby nok tenester med kvalitet i framtida må me våga å gjera endringar no.

Innholdsliste:

1. Innleiing.....	4
1.1. <i>Rammer og overordna målsetjingar</i>	<i>4</i>
1.2. <i>Hovudutfordringar</i>	<i>5</i>
1.3. <i>Struktur i planen og avgrensingar</i>	<i>6</i>
2. Endringsprosessar	7
3. Samfunnsutvikling og tilrettelegging	8
4. Tenesteutvikling	9
4.1. <i>Kapasitet, tenesteinnhald, prioritering, struktur og organisering</i>	<i>9</i>
4.2. <i>Kvalitet, individuell tilpassing og koordinerte tenester.....</i>	<i>10</i>
4.3. <i>Rekruttering, kompetanse og arbeidsgjevarpolitikk.....</i>	<i>11</i>
5. Smittevern.....	13
6. Bustadsosialt arbeid.....	14

1. Innleiing

1.1. Rammer og overordna målsetjingar

Folkehelselova pålegg kommunane å ha oversikt over helsetilstanden til befolkninga og faktorar som kan påverka helse. Denne oversikta skal liggja til grunn for alle kommunale planar, og god folkehelse skal vera ei overordna målsetjing. Folkehelse handlar om livskvalitet for alle, og ikkje primært om fråvær av sjukdom. Bredda i folkehelseomgrepet er gjort synleg i FN sine berekraftsmål, som har som mål å sikra helse og livskvalitet for komande generasjonar gjennom globalt engasjement og lokale tiltak.

Berekraft handlar om at me skal leva og utvikla oss samstundes med at me gjev neste generasjon minst like gode moglegheiter. FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydda fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppa klimaendringane innan 2030. Bømlo skal vera med på å oppfylle inter-nasjonale og nasjonale berekraftsmål.



Figur 1.0.: FN sine berekraftsmål ligg til grunn i kommuneplanen og for alle komande planar i kommunen.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og har høgast rang i plansystemet. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel (KPS) og ein arealdel (KPA). Etter KPS og KPA kjem kommunedelplanar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er difor førande for kommunedelplan Helse-sosial-omsorg (HSO). KPS har to kapittel som er særskilt relevant for denne revisjonen; Kapittel 4 «Rusta for livet» og kapittel 5 «Sosialt og inkluderande».

<https://www.bomlo.kommune.no/om-oss/samfunnsutvikling-planar-og-verdiar/kommuneplanen-og-okonomi/kps-kommuneplanen-sin-samfunnsdel/>



Ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorg (HSO) handlar om tenesteutvikling, men òg samfunnsutvikling. Den todelte målsetjinga for HSO i Bømlo kommune illustrerer dette:

Bømlo kommune stimulerer og legg til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, og på eigne premissar meistrar eige liv

Bømlo kommune tilbyr forsvarlege, tilpassa og koordinerte tenester til dei som har behov for det

For å vera budd på framtida er det viktig å ha ein felles arbeidsgjevarpolitikk som gjev retning og bidreg til ein felles kultur. Bømlo kommune vedtok ein felles arbeidsgjevarpolitikk i 2020

Visjon: **Berekraftige Bømlo**

Slagord: **Driftige folk i vakker natur**

Verdiar: **Raus – modig – engasjert**

***Raus** – hos oss er det takhøgde, det er lov å prøva og feila. Me er lyttande, møter menneske med respekt, er inkluderande i vår omgang med andre og i utøving av arbeidet vårt. Me byggjer relasjonar og ser på mangfald som ein ressurs*

***Modig** – me vågar å tenkje utanfor boksen, me er kreative, prøver, ser moglegheiter, me er handlekraftige, står for det me gjer, tek nye utfordringar, toler endring, ser at omstilling er nødvendig og er opptatt av utvikling som betrar tenestene*

***Engasjert** – driftige medarbeidarar som er opptekne av jobben sin, av å yte gode tenester og utvikle seg og sine kollegaer for å yte sitt beste. Dette får ein til gjennom samarbeid internt og samskaping eksternt*

1.2. Hovudutfordringar

I Kommuneplanen sin samfunnsdel og #Bømlo 2049 og Kommuneplan Helse-sosial-omsorg (KDP-HSO) i 2017-27 blir hovudutfordringane i helse-sosial-omsorgssektoren summert slik:

- Brukarane sine behov for individuelt tilpassa og koordinerte tenester blir ikkje imøtekommen i tilstrekkeleg grad
- Kommunen har fått, og vil framover få fleire oppgåver og større ansvar
- Auke i tal eldre, endring i sjukdomsbilde, økonomiske rammer og reduksjon i tal personar i arbeidsfør alder, gjer at me framover ikkje kan driva tenestene som i dag
- Det er behov for å tenkja nytt, gjera grundige prioriteringar og vri ressursar mot førebygging og tidleg innsats

Utfordringane er like relevante, men er blitt forsterka dei siste åra. Demografiske endringar har ikkje slått inn for fullt enno, men kommunen har merka rekrutteringsutfordringar og det blitt meir utfordrande å halda økonomiske rammer. NOU 2023:4 «Tid for handling» beskriv behov for personell og kompetanse i helse- og omsorgstenestene fram mot 2040. Utredninga er tydeleg på at det i framtida vil vera færre helsepersonell tilgjengeleg pr. pasient. Framtidas auke i oppgåver kan ikkje løysast med fleire folk i tenestene. Ein må difor tenkja nytt om organisering og prioritering.

Det er gjort mange endringar i rett retning i førre planperiode, men det er behov for å auka endringstakt og i større grad gjera prioriteringar. Skal me kunna tilby nok tenester med kvalitet i framtida må me våga å gjera større endringar no, sjølv om det er krevjande. I denne reviderte planen er samanhengen mellom tenesteutvikling og samfunnsutviklinga gjort tydelegare. Me har i tillegg valt å ha eit eige kapittel om endringsprosessar. Å få til gode prosessar vil kunna vera avgjerande for å kunna få eit berekraftig tilbod i framtida. Det vil vera behov for både strukturelle endringar og endra tankesett om kommunen si rolle.

[Meir om utfordringsbildet kan du lesa i Grunnlagsdokumentet.](#)

1.3. Struktur i planen og avgrensingar

Planen skal integrerast med kommunen sine øvrige planverk og strategiar, dette er ein kontinuerleg prosess. Særskilt relevant for denne planen er:

- Digitaliseringsstrategi (arbeid er påbegynt)
- Integreringsstrategi (arbeid skal starta opp i 2023)
- Frivilligpolitisk plattform (skal reviderast i 2023)
- Kommunedelplan for Kultur idrett og frivilligheit (planprogram er behandla)

Det er òg viktig å merkja seg at denne kommunedelplanen omhandlar helse, sosial og omsorgstenester for vaksne (personar over 18 år), men det har vore fokus på å samordna i høve øvrige planar og tenester i kommunen.


I tillegg til planen er det laga eit Grunnlagsdokument og ein Handlingsplan. I grunnlagsdokumentet kan du finna meir informasjon om dei ulike områda, ein oversikt over aktuelle lovar og statlege dokument, samt meir informasjon om planprosessen. Handlingsplanen er vil bli rullert årleg.

Kommunedelplanen og handlingsplanane er sentrale som grunnlag for prioriteringar i budsjettprosessen, men dei økonomiske rammene vil til ein kvar tid vil danna grunnlag for kva tiltak som bør eller kan setjast i verk.

2. Endringsprosessar

Det er mange som skal delta i utviklinga av kommunale helse, sosial og omsorgstenester. Deltakarane kan ha ulike roller og ulikt tankesett. Det er òg slik at dette er eit område som er i stadig endring og utvikling. Det er difor viktig å ha ei bevisst val av prosess. Nokon gongar kan det vera tilstrekkeleg med informasjon, andre gongar vil det vera rett med medverknad og samskaping.

Eit sentralt trekk i kommunesektoren er ei endring i tanke sett om kommunen si rolle. Kommunesektoren sin interesseorganisasjon (KS) har ved fleire høve peika på at me er på veg bort frå det såkalla «servicesamfunnet» og over mot eit «fellesskapssamfunn», kommune 3.0. Dette blir vurdert som avgjerande for å møte framtidens utfordringar og få eit meir berekraftig samfunn.



Figur 2: Kommune 3.0.

Samskaping er eit sentralt omgrep. I korte trekk handlar samskaping om at kommunen som organisasjon, lokalsamfunnet, innbyggjarane, frivilligheita og næringsliv i fellesskap bidreg i teneste- og samfunnsutviklinga. Samskaping er ein prosess der ein skapar løysingar saman med innbyggjarane og ikkje for dei. Slike felles prosessar kan òg vera viktige for å skapa ei meir felles forståing for kva utfordringar samfunnet står overfor og derav behov for endringar.

I Bømlo ynskjer me å leggja vekt på medverknad og samskaping i tenestutviklinga ved å laga arenaer der dette kan skje. Me har òg lagt vekt på å utvikla felles omgrep og verktøy. Sjølv om medverknad og samskaping er rett, er det ikkje alltid like lett. Det kan vera behov for både tid, kompetanse og mot til å delta i slike prosessar. Det kan utfordra roller og tankesett, og det kan vera ressurskrevjande. Det blir difor alltid viktig å vurdera ressursbruk opp mot gevinst.

Målområde A: Endringsprosessar

Mål: HSO har gode og bevisste prosessar i plan- og endringsarbeid

- A1. HSO skal informera og involvera politisk nivå slik at dei får innsyn i utfordringar og endringsbehov
- A2. HSO skal ha arena for informasjon, medverknad og samskaping mellom leiarar, tilsette, tillitsvalde og verneombod
- A3. HSO skal invitera innbyggjarane med i utvikling av tenestene, og grendautvala skal vera sentrale kontaktpunkt
- A4. HSO skal prioritera dialog med Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd, og bruka desse som medskaparar i plan- og endringsarbeid
- A5. HSO skal samhandla aktivt med brukarorganisasjonar, ta ansvar for å få fram ulike brukarstemmer, og prøva alternative metodar for å sikra brei medverknad. Brukarundersøkingar og innspel frå brukar-representantar skal vera sentralt i plan og endringsarbeid
- A6. HSO skal ha eit klårt språk og gje god informasjon til innbyggjarane

3. Samfunnsutvikling og tilrettelegging

Ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorg (HSO) handlar om tenesteutvikling, men òg samfunnsutvikling og tilrettelegging. Veksten som er venta i helse- sosial og omsorgstenestene må organiserast slik at den byggjer opp under og utløyser ressursar hos tenestemottakarar, deira familie og sosiale nettverk, i nærmiljøet, organisasjonar og lokalsamfunnet. Eit sterkt velferdssamfunn kan berre skapast saman med innbyggjarane. Det må byggjast på tillit til at folk vil ta ansvar for seg sjølv og delta aktivt i fellesskapet. Ikkje berre gjennom offentlege ordningar, men ved å stilla opp og gjera ein forskjell for kvarandre.

Planlegging er viktig for å utvikla samfunnet og den kommunale tenesteytinga. Kommunen si oppgåve blir då å få oversikt over, leggja til rette for og mobilisera ressursar i samfunnet. Bømlo kommune ynskjer å vera ein viktig og synleg aktør i samfunnsutviklinga. Kommunen skal òg syta for at gode blir rettvis fordelt, og skal nytta planverk til å lage rammer som sikrar eit godt samfunn for alle, både dei som bur her i dag og komande generasjonar. Kommunen må ivareta både god kvalitet i tenesteytinga og rettvis forvaltning, samt vera ein utviklingsaktør og ein katalysator for ulike deler av samfunnet.

I eit samfunn med aukande tal eldre vil det vera viktig å utvikla eit meir aldersvenleg, eller generasjonsvenleg, samfunn. «Leve heile livet»- reforma handlar om korleis me kan utvikla helse- og omsorgstenestene og skapa eit meir aldersvenleg og berekraftig samfunn. Bømlo kommune har som mål å gjennomføra satsingar i tråd med reforma og har integrert relevante føringar og satsingar inn i plan og endringsarbeid.

Mykje av arbeid med samfunnsutvikling må gjerast på kommunenivå utanfor Helse-sosial-omsorgs-sektoren (HSO). I tabellen nedanfor er dei strategiane der HSO har eit særskilt ansvar nemnt.

Målområde B: Samfunnsutvikling og tilrettelegging	
Overordna mål: Bømlo kommune stimulerer og legg til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, og på eigne premissar meistrar eige liv	
Slik vil me ha det (delmål)	Slik gjer me det (strategiar)
B1: HSO legg til rette for å utløyse potensialet i frivillig sektor og lokalmiljø	B1.1. HSO skal delta jamleg i treffpunkt med frivillig sektor, vera opne og nysgjerrige og prøva ut nye former for samhandling B1.2. HSO skal oppretta funksjon som samfunnskontakt og samarbeida tett med kommunen sin rådgjevar for folkehelse og frivillighet
B2: HSO samhandlar tett med ulike aktørar i samfunnet	B2.1. HSO skal ta initiativ og vera aktiv mot aktuelle samarbeidspartnar
B3: Bømlo kommune har tilgjengelege, universelt utforma og generasjonsvenlege lokalsamfunn og nærmiljø	B3.1. Ved planlegging av bygg og utvikling av tenestetilbod i HSO skal ein alltid vurdera og leggja til rette for: - integrasjon i samfunnet, sambruk av bygg og møteplassar mellom generasjonar - transport og deltaking for alle B4.2. HSO skal bidra og delta aktivt i fora der utvikling av lokalsentra og nærmiljø er tema
B4: Innbyggjarane på Bømlo har fokus på eigenmeistring, ynskjer å delta i samfunnet og gjera ein forskjell for andre	B4.1. HSO skal gje informasjon om helse og eigenmeistring ut i samfunnet B4.2. HSO skal bidra til å laga gode arena og møteplassar for innbyggjarane i Bømlo

[Meir om samfunnsutvikling og tilrettelegging kan del lesa grunnlagsdokumentet kapittel 2.](#)

4. Tenesteutvikling


Mål: Bømlo kommune tilbyr forsvarlege, tilpassa og koordinerte tenester til dei som har behov for det

Om kommunen skal kunna tilby tenester med kvalitet til dei som har behov for det i framtida må me gjera endringar no. Framover vil prioritering av økonomiske ressursar og personell bli vesentleg meir utfordrande enn det er i dag. God ressursstyring og bevisst prioritering blir difor stadig viktigare. Det blir viktig å tenkja nytt om innhaldet i tenestene, prøva ut nye former for tenesteyting og sjå potensialet i bruk av ny teknologi. I tillegg må me ha evne og mot til å gjera endringar i struktur og organisering. Ei målretta satsing på rekruttering og kompetanse blir òg avgjerande.

4.1. Kapasitet, tenesteinnhald, prioritering, struktur og organisering

Framover blir det viktig å førebyggja sjukdom, funksjonssvikt og uførleik. Å ha fokus på læring og meistring blir då avgjerande. Framtidas tenester må leggja større vekt på helsefremjande og førebyggjande arbeid, aktiv omsorg, rehabilitering og habilitering. Den grunnleggjande tanken i meistrings--perspektivet er at den enkelte har behov for å oppleva eigenmeistring. Tiltak på lågast mogeleg nivå, førebygging og tidleg innsats bør prioriterast. Rehabiliteringstankegangen og eigenmeistring må gjennomsyra alle ledd i tenestene. HSO skal bruka ressursorienterte arbeidsmetodar, og driva aktivt informasjonsarbeid òg for dei som ikkje oppsøker tenestene. NAV har høgt fokus på arbeid og aktivitet.

Kommunen sitt tenestetilbod innan helse-sosial og omsorg er variert og omfattande. Tilbodet kan illustrerast i ei trapp der dei fyrste trinna er innsats på lågast mogleg nivå. På øvste trinna finn ein dei mest omfattande tiltaket som er langtidsplass i institusjon.



figur 3: Innsatstrappa

Om Bømlo kommune skal satsa på meir førebygging og tilrettelegging av eigenmeistring blir det viktig å leggja til rette for god samfunnsutvikling (jf. kap 3.0.) og byggja ut på dei nedste trinna i trappa. Dette kan gjerast ved endring av innhald i tenestene eller endringar i dimensjonering av dei ulike tenestene. Fleire endringar er allerede gjort, men dette må følgjast tett opp vidare. Eksempelvis vil ei satsing på dag-aktivitetstilbodet kunna førebyggja og gje mindre behov for individuell oppfølging. Eller satsing på heimerehabilitering vil kunna redusera eller utsetja behov for meir omfattande tenester.

Dei siste åra er fleire oppgåver overført frå helseføretaka til kommunane. Fleire skal få behandling i kommunen, enten i staden for eller i samarbeid med helseføretaka. Pasientar blir skriven ut frå sjukehuset tidlegare enn før. Tenesteinnhald både på sjukeheim og i heimen blir difor vesentleg er endra. Framover vil enda fleire oppgåver bli overført til kommunane.

Samlokalisering av tenester kan spara ressursar og danna grunnlag for god samhandling. Det blir difor viktig å drøfta kva tenester det kan vera formålstenleg å samla. Vurderingane må gjerast med utgangspunkt i fagleg forsvarleg drift, rekruttering, ressursbruk, samhandling, behov for nærleik til brukar og potensialet i eit levande lokalsamfunn. Her kan det vera motsetningar.

Bømlo har pr. no ein desentralisert modell med konsentrerte helsetenester i tre områder (Langevåg, Bremnes og Moster). Det blir framover viktig å ta stilling til:

- Kva tenester det er viktig å ha i nærmiljøa/ nær brukar
- Kva tenester som bør vera oppsøkjande/ i heimen
- Kva tenester som bør samlokalisrast og/ eller samorganiserast for å sikra fagleg forsvarleg drift, samhandling, god ressursbruk og rekruttering
- Kva tenester det kan vera formålstenleg med interkommunalt samarbeid

HSO har dei siste åra gjort fleire endringar i organisering, oppgåvefordeling og lokalisering. Det blir viktig at me framover gjer gode vurderingar her. Det vil vera behov for fleire strukturelle endringar. Kva som skal vurderast og når, blir konkretisert i dei årlege handlingsplanane.



4.2. Kvalitet, individuell tilpassing og koordinerte tenester

Kvalitet kan definerst på ulike måtar. Ein definisjon kan vera «kvalitet er å møta behova til dei som treng tenesta, til lågast mogleg kostnad for organisasjonen, innanfor dei rammer og direktiv som er sett av myndighetane på ein heilskapleg måte». Ut frå denne definisjonen er det viktig å gje brukarane gode tenester samt sikra ei rettferdig fordeling av tenestene. Samtidig veit ikkje brukaren alltid kva ein treng, det kan difor vera nødvendig å sikra ei fagleg vurdering av behova. Det finnes ulike standardar på ulike fagområde, og tilsette i HSO skal følgja god fagleg standard innanfor kvart område. Det er utarbeida ei eiga forskrift for leiing og kvalitetsforbetring i helse og omsorgstenestene og HSO skal leggja denne til grunn for kvalitets og utviklingsarbeid. <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-10-28-1250>. Pårørande og nettverket til den enkelte er ein ressurs, og det vil framover bli viktig å leggja forholda betre til rette for pårørande og andre som ynskjer å vera ein ressurs. Det er her truleg eit stort unytta potensiale og HSO bør aktivt leggja til rette for at denne ressursen blir brukt dersom det er ynskjeleg og brukar samtykkjer til dette. Pårørande vil har òg rett på avlasting.

Brukarmedverknad er både ein lovfesta rett og ein måte å kvalitetssikra tenestene. I statlege føringar er dei tydelege på at kommunane må auka fokus på pasientane sine behov for meir individuelt tilpassa tenester. «Kva er viktig for deg?» blir då eit sentralt spørsmål. Auka brukarmedverknad kan lett bli ei målsetjing alle kan slutta seg til utan at det fører til endringar i praksis. I Bømlo kommune har me valt å

forplikta oss til å arbeida systematisk med dette. Me ynskjer at den enkelte skal oppleva seg sett, og me ynskjer auka grad av samhandling mellom tilsette og brukarar for å få ut potensialet samarbeid og tillit kan gje. Me har difor dette som eit eige målområde i planen på individnivå. Brukarmedverknad på systemnivå er omtala i kapittel 2.

Individuell tilpassing av tenestene kan samstundes vera utfordrande. Det kan vera eit sprik mellom brukar sine ynskjer og kommunen sine moglegheiter. Med fleire brukarar og avgrensa ressursar kan dette bli meir utfordrande i åra som kjem. Det blir då enda viktigare å prioritera dialog kring forventningar og kommunalt tilsette må få støtte og opplæring å vera i den dialogen.

Det er påpeikt i mange nasjonale dokument at helsetenestene ofte er for fragmenterte, det at er behov for meir koordinerte tenester. Overgangar og samhandling mellom tenester er eit område som framleis treng fokus, og me har difor valt å setja opp mål og strategiar kring dette.

4.3. Rekruttering, kompetanse og arbeidsgjevarpolitikk

Tilgang på tilstrekkeleg personell med rett kompetanse er ei av hovudutfordringane i framtidens helse-sosial og omsorgstenester. Auke i oppgåver som blir lagt til kommunane har kravd og vil framover krevja kompetanseheving. For kommunen betyr dette kontinuerleg vurdering av kompetansebehov og etablering av kompetansehevande tiltak i tenestene.

Helse-sosial-omsorg i Bømlo har jobba målretta med rekruttering og kompetanse. Det er i mange år laga ein årleg handlingsplan på området. Planen har hatt fokus på kompetanseutvikling og bruk av eksisterande kompetanse (kompetansemobilisering), i og på tvers av verksemder. Å mobilisera kompetanse er kanskje eit av dei største potensiale ein arbeidsgjevar har. Det handlar både om i større grad å ta i bruk den enkelte sin kompetanse, og at kompetansen blir brukt der det er mest behov. Kommunen har òg hatt ei målretta satsing på samhandling med eksterne aktørar og at me skal bidra til utvikling gjennom forskning og innovasjon.

Fram til no har tenestene i hovudsak hatt god rekruttering, men dette er i ferd med å endra seg. Det blir kamp om arbeidstakarane framover, og me må sikra at arbeidsplassane blir opplevd som attraktive. Det blir òg viktig å auka fokus på lærlingar og på å kvalifisera personar med innvandrarbakgrunn for arbeid innan HSO. Dette blir tatt med ved rullering av gjeldande kompetanse-/ og rekrutteringsplan.

I ei framtid med mangel på personell blir det særst viktig å skapa gode rammer og ta vare på tilsette. I ein arbeidsdag med behov for omstilling må det i tillegg jobbast med endringskompetanse.

Det skal utarbeidast eigen handlingsplan for kompetanse og rekruttering, men overordna målsetjingar og strategiar blir tatt med i denne planen for å sikra ein heilskap.



Målområde C: Tenesteutvikling Overordna mål: Bømlo kommune tilbyr forsvarlege, tilpassa og koordinerte tenester til dei som har behov for det	
Slik vil me ha det (delmål)	Slik gjer me det (strategiar) Kapasitet, tenesteinnhald, prioritering struktur og organisering
C1: HSO har nok kapasitet og personell til å tilby tenester til dei som har behov for det	C1.1. HSO skal gjera prioriteringar og ha fokus på effektiv drift C1.2. HSO skal prøva ut nye modellar for tenesteyting i samarbeid med frivillige og samfunnet forøvrig C1.3. HSO skal ta i bruk digitale og velferdsteknologiske løysingar C1.4. HSO skal gjera naudsynte strukturelle og organisatoriske endringar for å sikra god kompetanse og ressursbruk i og på tvers av verksemder
	Slik gjer me det (strategiar) Kvalitet, individuell tilpassing og koordinerte tenester
C2: HSO tilbyr individuelt tilpassa og koordinerte tenester med kvalitet	C2.1. HSO skal følgja med på og utvikla tenestene i tråd med nasjonale faglege standardar C2.2. HSO skal ha fokus på førebygging og ha meistringsfokus som grunnlag for tenesteytinga C2.3. HSO skal ta i bruk kunnskap frå pårørande og nettverk C2.4. HSO skal organisera tenestene slik at dei brukarane som har særskilte behov for det får færrast mogleg tilsette å forhalda seg til C2.5. HSO skal prioritera tid til dialog om kva som er viktig for den enkelte og setja forventingsavklaring på dagsorden. Tilsette skal få opplæring og støtte i snakka om forventningar C2.6. HSO skal tilby koordinator, ansvarsgrupper og individuell plan til dei som har behov for det C2.7. BK skal sikra samhandling mellom tenester internt i kommunen og til eksterne samarbeidspartnarar C2.8. BK skal ha fora på systemnivå der samhandling mellom tenester til barn og vaksne er tema C2.9. HSO skal aktivt delta i utviklinga av Helsefelleskap i samarbeid med helseføretaket og andre kommunar i Helse Fonna sitt opptaksområde
	Slik gjer me det (strategiar) Rekruttering, kompetanse og arbeidsgjevpolitik
C3: HSO har personell med rett kompetanse og er ein attraktiv arbeidsplass	C3.1. HSO skal satsa målretta på kompetanseutvikling og kompetansmobilisering C3.2. HSO skal utvikla heiltidskultur og aktivt nytta lønspolitik og andre tiltak for å sikra rekruttering C3.3. HSO skal ha eit målretta samarbeid med eksterne aktørar om kompetanseutvikling C3.4. HSO skal ta vare på tilsette og ha fokus på arbeidstidsordningar, arbeidsbelastning og helsefremjande arbeidsmiljø C3.5 HSO skal gje tilsette utfordringar og dyktiggjera dei i å vera i endring og vera fleksible C3.6. HSO skal gjera strukturelle endringar som fører til at me er ein attraktiv arbeidsplass C3.7. HSO skal jobba aktivt med rekruttering og vera med på å bidra til at nyinnflytta tilsette blir inkludert i samfunnet

5. Smittevern

Smittesjukdomar utgjir globalt ein alvorleg trussel mot liv og helse, og er eit risikobilete i stadig endring. Helsetenesta har ei viktig oppgåve med å avgrense smittespreiing og antibiotikaforbruk gjennom mellom anna å syta for gode, grunnleggjande smittevernrutinar, og å følgje nasjonale tilrådingar for antibiotika-behandling.

Smittevernlova pålegg kommunen å ha eigen smittevernplan, som ein del av beredskapsplanverket i kommunen. Smittevernlegen skal utarbeida framlegg til plan.

Vaksinasjon er ein sentral del av smittevernarbeidet. Fleire einingar tek del i vaksinasjon av vaksne, men det organisatoriske og administrative ansvaret er i Bømlo kommune lagt til Barne- og familietenesta, som òg er ansvarlege for barnevaksinasjonsprogrammet.

Målområde D: Smittevern	
Slik vil me ha det (mål)	Slik gjer me det (strategiar)
D1: BK vernar befolkninga mot smittsame sjukdomar så langt det er mogleg	D1.1 Kommunen skal identifisera risikoområde, føre tilsyn, og ha beredskapsplan for smittevern, tuberkulosekontrollprogram og pandemihandtering
D2: HSO hindrar at brukarar blir påført smitte i tenestene	D2.1. Alle tilsette i HSO skal ha kjennskap til basale smittevernrutinar, og nytta rett smittevernutstyr på rett indikasjon D2.2. HSO skal ha høg oppslutnad om tilrådde vaksinasjonar hjå tilsette, m.a. årleg influensavaksinasjon
D3: BK bidrar i kampen mot antibiotikaresistens	D3.1. Legar og andre tilsette i HSO skal vera kjent med retningsliner for antibiotikabruk, unngå unødig bruk, og nytta rett antibiotikum på rett indikasjon

6. Bustadsosialt arbeid

Den sosiale bustadpolitikken skal førebyggja at folk får bustadproblem, og gje hjelp til dei som ikkje sjølv klarar å skaffa og behalda ein eigna bustad. Det overordna målet er at alle skal kunna skaffa og behalda ein eigna bustad. Sosial bustadpolitikk omfattar alt frå kommunen sin innsats for å skaffa og tildela bustader, til tenester og enkeltvedtak som kan betra den enkelte sin føresetnad for å meistra sin bu- og livssituasjon. Ulike grupper kan ha behov for hjelp frå kommunen til å skaffa bustad. Dette kan vera eldre, flyktningar eller personar som av ulike årsaker stiller svakt på bustadmarknaden. Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021-24 kan ein finna her:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/>

Bømlo kommune disponerer omlag 150 utleigebustadar. Bustadane er eigd av Bømlo kommunale eigedomsselskap as (BKE as). Kommunen har òg tildelingsrett på ulike innskotsleilegheiter. I tillegg eig/ leiger kommunen personalbasar i nokre private bustader der det blir ytt døgkontinuerlege tenester. Plassering og drift av omsorgsbustadar og andre kommunale bustadar må sjåast i samanheng med drift/dimensjonering av institusjonsplassar og andre tenester.

Det skal utarbeidast eigen temaplan på området bustadsosialt arbeid, men dei overordna føringane er tatt med i kommunedelplanen for å sikra ein heilskap.

Målområde E: Bustadsosialt arbeid	
Slik vil me ha det (mål)	Slik gjer me det (strategiar)
E1: Dei som ynskjer det får moglegheit til å eiga og å bu i eigen heim trass i helsemessige utfordringar	E1.1. BK skal ha ein aktiv bruk av Husbanken sine låne- og tilskotsordningar E1.2. Tenester knytt til bustadspørsmål skal vera lett tilgjengeleg, og det bustadsosiale arbeidet skal organiserast slik at dei ulike ordningane kan bli nytta til det beste for innbyggjarane E1.5. BK skal bidra med informasjon om/ tilrettelegging av bustader til eldre og personar med nedsett funksjonsevne slik at dei kan bu lengst mogeleg i eigen bustad
E2: Å leiga er eit trygt og godt alternativ. Bømlo kommune tilbyr utleigebustadar tilpassa behova til leigetakarane	E2.1. HSO og BKE skal ha god samhandling kring bustadtildeling og oppfølging av leigeforhold E2.2. Dei kommunale utleigebustadane skal i størst mogeleg grad tilpassast brukarane sine behov og økonomi